

Eigenbetaling

De betalar ein eigendel på kr. 1500,- for ymse utgifter. Dette inkluderer mellom anna leir. Soknerådet dekkjer resten av kostnadane med konfirmantåret som ei gåve frå kyrkjelyden. Det er mogleg å betale med kort ved påmelding eller få faktura/dele opp betalinga. Har du spørsmål eller utfordringar rundt betaling, kontakt kyrkjekontoret.

Tilrettelegging

Er det noko vi bør vite om, til dømes behov for tilrettelegging etc., er det viktig at de melder frå om dette. Du kan skrive det i kommentarfeltet ved påmelding eller kontakte kyrkjekontoret. Alle opplysningar vert handsama etter gjeldande personvernreglar.

Oppstartsamling for konfirmantar og føresette i Kaupanger sokn
21.august 2024 kl. 18-19 på Kaupanger bedehus

Då snakkar me om:

- Konfirmantåret 2024/2025
- Kommunikasjon
- Foreldreinnsats
- Konfirmasjonsdagen

Påmelding

Påmelding skjer på www.sogndal.kyrkja.no

Det er viktig at føresette er med og melder på. Ein kan melde seg på undervisninga sjølv om ein ikkje er døypt, men ein må vere døypt for å konfirmere seg. Ta kontakt om dette er aktuelt for deg!

Påmeldingsfrist:
13. august 2024

SPØRSMÅL?

Sogndal kyrkjekontor kan svare på spørsmål du har om konfirmantopplegget og påmelding.

Tlf: 57 67 99 85

E--post:
konfirmant.sogndal@kyrkja.no

Adresse: Postboks 180

6851 Sogndal

Besøksadresse: 2. etg. Stedjetunet,
Kyrkjevegen 6



DEN NORSKE KYRKJA

Kaupanger

KONFIRMAN*
2025





Velkommen som konfirmant 2025!

Dette året vil me gi deg anledning til å reflektere over viktige spørsmål i livet, kven du er og kva du står for.

Dette vil me gjere gjennom aktivitetar, undervisning og deltaking der du som konfirmant bli betre kjent med den kristne trua og deg sjølv.

Kva gjer me i løpet av dette året?

- Undervisningssamlingar
- Skaparverksturar
- Aktivitetsgrupper
- Gudstenester, både som medhjelpar og deltakar
- Leir
- Fasteaksjon
- Konfirmasjonsdagen
- To konfirmantlaurdagar

Konfirmanthelg på Lyngmo

I slutten av januar/byrjinga av februar er det konfirmantleir på Lyngmo. Leir er garantert eit høgdepunkt i konfirmanttida. Her er det mykje gøy som skjer. Vi har aktivitetar ute og inne, undervisning og underhaldning. Denne er felles med dei andre sokna, og alle vert fordelt på to helger. **Desse helgene er 24.-26.januar og 31.januar-2.februar.**

Laurdagssamlingar (21.september og 5.april)

I løpet av året har me to samlingar på laurdagar også, frå 10-14, der me samlar alle konfirmantane frå Stedje, Kaupanger, Fjærland, Norum og Leikanger. Den første er 21.september, for å starte året saman, og den andre er laurdag etter påske (**5.april**). Tema denne dagen er påskeveka.



Spond

Me nyttar spond til å kommunisere med både konfirmantar og føresette. Det er ein app du kan laste ned på mobilen din, og gir ein grei oversikt over aktivitetane ein skal vere med på. Dersom ein ikkje vil ha spond-appen, får ein likevel tilsendt all informasjon på e-post.

Der finn de undervisningsdatoane og andre arrangement iløpet av året.

VIKTIG: Hugs difor å registrere konfirmanten sin kontaktinformasjon, samt dykkar eigen i påmeldinga!

Anna informasjon som gjeld konfirmantgruppa finn de også der.



Konfirmasjonsdagen

Dette er den store dagen der du vert konfirmert!

Konfirmasjon 2025 i Kaupanger er torsdag 29.mai.

Konfirmantkalender

Konfirmantkalender ligg på heimesida vår. Det er den som til ein kvar tid er oppdatert og gir deg oversikt over aktivitet framover.

Her kan du velje sokn og få oppdatert informasjon frå ditt sokn.

Denne kan du legge til kalenderen din på PC eller mobil.

sogndal.kyrkja.no/Born-og-unge/Konfirmant